ALVER KOMMUNE

Kari Furnes Mathiesen
Skjoldhøgda 179
5222 NESTTUN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Hogne Askeland | 03.09.2020 |
| Vår: 20/14565 - 20/54812 | hogne.askeland@alver.kommune.no | |

# Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 357/58 Sætre

| | |
|---|---|
| Tiltak: | Utslepp |
| Byggjestad: | Gbnr: 357/58 |
| Tiltakshavar: | Kari Furnes Mathiesen |
| Ansvarleg søkjar: | Jens H. N. Bjordal |

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 24.08.2020.

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Opplysningar om kva type reinseanlegg det vert søkt om.
2. Eigar av gbnr. 357/6 skal nabovarslas. (Innsendte erklæring ivaretek ikkje nabovarslingsplikt.)
3. Innsendte kart datert 27.02.20 viser ikkje tomtegrense, og ikkje avstand frå reinseanlegg til fritidsbustad. Ber om at det vert sendt inn oppdatert kart der det går tydeleg fram at anlegget vert plassert på eigen eigedom.
4. Dersom det skal leggjast utsleppsleidning inn på gbnr. 357/6, må dette vera avklara i ein skriftleg avtale som kan tinglysast. Kopi av avtalen må sendast kommunen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.09.2020. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

| | |
|---|---|
| Silje Haukedal | Hogne Askeland |
| Avdelingsleiar | Konsulent |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fløysand Va AS | Fløksand | 5918 | FREKHAUG |
| Jens H. N. Bjordal | Grønlandsvegen 11 | 5918 | FREKHAUG |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kari Furnes Mathiesen | Skjoldhøgda 179 | 5222 | NESTTUN |